



Alversund Maskinstasjon AS  
Buhaugen 6  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/765 - 19/10807

Saksbehandlar:  
Madeleine Fonnes Aase  
Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:  
13.11.2019

## Byggesak Gbnr 23/19 Marøy - parkeringsplass - løyve til oppføring av parkeringsplass

Delegasjonssak nr.: 171/2019

### Administrativt vedtak. Saknr: 171/2019

**Tiltakshavar:** Radøy kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Alversund Maskinstasjon AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av parkeringsplass med bygd areal (BYA) ca. 253 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrsløp og parkering. Det vart søkt om dispensasjon frå arealføremål, som seinare vart trekt tilbake. Dette då tiltaket er i tråd med arealføremålet LNF.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.03.2019, supplert 14.06.2019, 12.11.2019 og 13.11.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Det var trong for eit jordlovsvedtak frå landbrukskontoret som var motteken 07.06.19. Bygningsstyresmakta hadde vidare trong for ei presisering av jordlovsvedtak, og mottok dette 14.06.2019. Vidare var søknaden mangelfull og vart sist supplert 13.11.2019. Fristen er 04.12.2019.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 sin arealdel er definert som LNF, spreidde bustader.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre samtykke til omdisponering etter jordlova i vedtak datert 07.06.2019 i sak 19/1108.

Det er henta inn slik uttale frå landbrukskontoret den 14.06.2019:

Eg har sett på saken og ser at planformål ikkje kjem godt fram i løyve til omdisponering. Formålet med omdisponeringen er parkering for besøkande i Knappen på Marøy. Området er fullt av byggverk frå 2. verdskrig og er eit flott turområde. Vår vurdering er at parkeringsplassen er eit tiltak som legg til rette for friluftslivet og er i tråd med planformålet i LNF-område.

Landbrukssjefen har vurdert arealet og finn at det er i attgroingsfase og at det ikkje er interesse for andre aktive bønder å nytta det. På flyfoto frå 2015 kjem det godt fram at det er mykje stein/fjell i dagen der parkeringsplassen skal byggast. Vår vurdering er at tiltaket ikkje vil gje driftsmessige ulemper for landbruket.

Det ligg føre løyve til etablering av ny avkjørsel til kommunal veg i vedtak datert 13.11.2019.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknad frå Statens vegvesen i brev datert 04.04.2019:

Parkeringsplassene grenser mot snuplass i enden av fylkesveg 414, men største delen av arealet for parkeringsplassene ligger inntil den kommunale vegen.

Parkeringsplassen er vist med avkjørsel i hele sin lengde direkte til offentlig veg. Dette er ikke i henhold til håndbok N100 Veg- og gateutforming fra Vegdirektoratet.

Vi vil be om at parkeringsplassen, avkjørsel til fylkesvegen og snumuligheter planlegges i samsvar med kravene i håndbok N100.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.02.2019 og 04.03.2019. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1 meter.

### **Vatn og avløp (VA)**

Vert ikkje endra av omsøkte tiltak.

### **Tilkomst, avkøyrslle og parkering**

Det er i saksnr. 19/2195, datert 13.11.2019, gjeven løyve til etablering av ny avkøyrslle frå kommunal veg i tråd med søknad om parkeringsplass.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser parkering og avkøyrslle.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg s kjar har erkl ert at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og milj tilh ve som krev særskilte unders kingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og f rast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det g r fram av s knaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skj nn gode visuelle kvalitetar, b de i seg sj lv og i h ve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilh ve**

Det ligg f re avtale med grunneigar.

### **Nabomerknad**

Statens vegvesen hadde merknad til nabovarsel. I brev datert 02.05.2019 vedlagt s knad skriv ansvarleg s kjar et dei har retta merknad fr  Statens vegvesen.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg s kjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing fr  Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sj  at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve l yve til tiltak i eitt-trinn for oppf ring av parkeringsplass p  f lgjande vilk r:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.02.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket f r tilkomst til offentleg veg. Veg og avkj rsle skal opparbeidast i samsvar med l yve fr  vegstyresmakta datert 13.11.2019 og godkjent situasjonsplan datert 27.02.2019.
3. Faktisk plassering av tiltaket m  vere m lt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det f lgjande gebyr i saka:

Kode: 10.2.6. Basisgebyr konstruksjonar og anlegg \_\_\_\_\_ Kr. 20 100,-

**Totalt gebyr   betale: \_\_\_\_\_ Kr. 20 100,-**

Faktura vert sendt per post.

### **Klage på gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnigjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

*Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar Madeleine Fønnes Aase.*

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/765**

Med helsing

Silje Haukedal

konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fønnes Aase

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6

5911

ALVERSUND